Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
e-post: post@vlfk.no

Dykkar ref.: 29.06.2021
Vår ref.: 1312161
Sakshandsamar: RAFL / ragna.flatla.haugland@sfe.no

FRÅSEGN TIL REGIONAL PLAN FOR VASSFORVALTNING I VESTLAND 2022-27

Vi syner til høyring av regional plan for vassforvaltning med tiltaksprogram og handlingsplan med høyringsfrist 30. juni 2021.

SFE Produksjon er heil- og deleigar av 27 kraftverk i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn, og er driftsoperatør for 25 av desse. Årleg energiproduksjon er om lag 2 TWh. SFE er opptekne av at vasskraftproduksjonen vår skal vere ansvarleg og berekraftig. Difor bidreg vi med mellom anna med innhenting av kunnskap om våre påverknader i regulerte vassdrag og gjennomfører miljøtiltak.

Uttalen under er gjeldande for SFE Produksjon, samt for selskapa Svelgen Kraft og Gloppen Energi, som SFE Produksjon er driftsoperatør for.

Vi viser til Energi Norge sin uttale til planane for vassregionen og dei meir overordna forholda som er relevant for vasskraftbransjen og planane generelt, og støtter denne fullt ut.

Generelt

I denne runden opplev vi mindre fokus på involvering av vasskraftsektoren enn i førre planperiode. Kraftselskapa er sentrale aktørar i forvaltninga av vassressursane, sit med mykje kunnskap og må difor involverast aktivt i det vidare arbeidet. Dette må kome tydelegare fram i handlingsprogrammet. Høgare grad av involvering og vurderingar meir på tvers av påverknadssektorer vil styrke plangrunnlaget generelt.

Planane er også i denne runden omfangsrike. Det er store dokument med mykje innhald som krev eit høgt kunnskapsnivå hjå lesaren. Heile vassdirektiv-settinga, vassforkrifta og prosessane har heile vegen vore omfangsrike. Dei kunne med stor fordel vore betydeleg komprimert og nedskalert for å gjere det meir oversiktleg og konstruktivt for alle interressentar å involvere seg.

Vi erfarer Vann-nett som eit komplekst verktøy som det krevst særleg kompetanse å orientere seg i og forstå, samt finne brukarvenlege rapportar som kan omsettast til reell bruk.

SFE har likevel forsøkt å ta utgangspunkt i det vi finn relevant om miljøtilstand, påverknader og tiltak i dei vassførekomstane som vi påverkar og kommenterer på feil og manglar (rapport henta frå vann-nett.no), sjå «kommentar SFE» i vedlegg 1 og 2. I vedlegg 2 viser vi vassførekomstar der det kunn er namn på regulanten som må endrast i kolonna «kommentar påvirkning».

Gjennomgangen vår av vann-nett med kommentarar betyr ikkje at dei førekomstane vi ikkje har kommentert på er rett slik dei står, eller at vi «godkjenner» alt som ligg inne i vann-nett no. Det kan og vere forhold vi i gjennomgangen ikkje har fanga opp, og som difor ikkje er kommentert.

Elles kommenterer vi på spørsmåla som vassregionmynda ønskjer svar på, samt andre relevante innspel.

Kunnskapsgrunnlaget

«Er kunnskapsgrunnlaget om miljøtilstand og påverknader rett omtalt i plandokumenta og i databasen vann-nett?»

Skildring av miljøtilstand og avstand mellom miljøtilstand og miljømål er omtala i vedlegg 1 til forvaltningsplanen. Dette er grunnleggande informasjon til vassforvaltningsplanen, og det er difor uheldig at det ligg i eit vedlegg som ein må bla langt for å finne.

I planens vedlegg 1, kap. 1.7, side 62 står det om økologisk potensiale: *«Godt økologisk potensial er den tilstanden ein kan oppnå i vassførekomsten dersom ein gjennomfører aktuelle miljøforbetrande tiltak som ikkje går vesentleg ut over det samfunnsnyttige formålet som aktiviteten i vassførekomsten tener».*
Her må det laggast til: *«, og som er realistiske i forhold til ei grundig kost-nytte-vurdering».* Det stør opp om dei nasjonale føringane for vasskraft frå 2014, som er omtala i tiltaksprogrammet og er soleis ei viktig presisering i høve dette punktet.

Vedlegg 1 til planen med statistiske figurar som syner miljøtilstand, SMVF-er og drivarar for påverknad m.m. er det heile vegen referert til tal vassførekomstar. Vi peika på forholdet i samband med høyring av planprogrammet i juni 2019. Vi meiner det overordna biletet av korleis det står til med vatnet vårt vert skeivt så lenge figurar syner til tal vassførekomster og ikkje til faktisk påverka elvelengde og innsjøareal. Til dømes kan eit vasskraftpåverka lite vassdrag vere inndelt i mange små vassførekomstar som bidreg til å auke talet SMVF-ar og dermed synleggjer ei større andel påverknad frå ein påverkandsdrivar enn det som faktisk er tilfelle.

Det kjem i planen fram at kjemisk tilstand er ukjent i 90 % av vassførekomstane i regionen og at det er i kystvatn at kjemisk tilstand er best kjend (vedlegg 1, pkt.1.6). Vassforskrifta legg til grunn at både kjemisk og økologisk tilstand/potensial skal vere god innan gitte fristar. Vi stiller spørsmålsteikn ved korleis ein skal kome i mål når ein stor del av kunnskapsgrunnlaget er ukjend, og korleis vassregionen vil balansere tiltak om dei «økologiske påverkarane» og dei «kjemiske påverkarane» så lenge kjemisk

tilstand er ukjend? Planen gir oss eit inntrykk av at økologiske miljømål har større fokus enn kjemiske miljømål.

«Kjenner din organisasjon til påverknader som ikkje er vurdert eller er kjent?»

Vann-nett manglar inndeling av nokre vassførekomstar i Øvre Skorven, Askvoll, der vi har reguleringsanlegg. Desse har vi forsøkt å gjere synleg i vedlegg 1.

Miljømål og bruk av unntak

«Er din organisasjon einig i miljømåla som er føreslått?»

Det er miljømåla frå 2016-planen som framleis skal vere gjeldande. Det ville ha styrka planen om det kom fram ein oversikt over kva endringar i miljømål og tiltak som vert foreslått endra i denne runden og som skil seg ut etter KLD si godkjenning av planane i 2016.

Dei vassførekomstane som SFE påverkar er i hovudsak sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF). I SMVF-er er miljømålet «godt økologisk potensial» (GØP). GØP skal settast basert på den miljøtilstanden som oppnås når realistiske tiltak (=nytte>kostnad) er gjennomført, jfr. nasjonale føringar. Der det ikkje er realistiske tiltak å gjennomføre, skal miljøtilstanden vere GØP, lik dagens tilstand, og miljømålet er oppnådd.

Minstekravet til GØP er eit «fungerande akvatisk økosystem». I nokre regulerte vassførekomstar som er tørrlagt heile eller delar av året, og GØP ikkje kan nåast, skal miljømålet unntakast (§ 10) til eit «mindre strengt miljømål», MSM.

Vi ser og at MSM vert nytta i reguleringsmagasin med meir enn 40 m reguleringshøgd (ref. plan side 63), er det ein ny metode å vurdere miljøtilstand på?

I nokre av våre SMVF-ar er det feilaktig bruk av MSM som miljømål. Der vassførekomsten har eit fungerande akvatisk økosystem skal miljømålet vere GØP. Nokre SMVF-ar har også moderat økologisk potensial (MØP) og utan tiltaksforslag. Utan tiltak, og gitt eit fungerande akvatisk økosystem, skal potensialet pr. def. vere GØP, dvs. miljømålet nådd og lik dagens tilstand.

Vi har forsøkt å kommentere i vedlegg og vi kan bidra med meir kunnskap om dette i prosessen vidare.

Tekst til figur 7 og figur 7 stemmer ikkje overeins. Det bli sagt at 450 vassførekomstar har oppnådd miljømålet MSM, medan figuren syner ca. 550 stk.

Tiltak

«Er det nødvendig med fleire tiltak som betrar eller opprettheld miljøtilstanden til vatnet vårt? Er det nødvendig med fleire tiltak for at føreslegne miljømål skal bli nådd? Er det tiltak som ikkje treng å vere med?»

Vi ser at det er lagt inn tiltak på ein stor del av dei førekomstane som vi påverkar, og at tiltaka har ulike statusar for gjennomføring. For det meste er det tiltak knytt til forbetring av kunnskapsgrunnlag og/eller gjennomføring av habitatrelaterte tiltak. Det

ligg inne tiltak knytt til endra vassbruk (forslag om minstevassføring, med heimelsgrunnlag vilkårsrevisjon) for dei vassdraga som er prioritert eller foreslått omprioritert i perioden 2022-2027. Det gjeld Stongfjordvassdraget og Vetlefjordvassdraget (sjå nærare kommentar i kapittelet «prioriteringar»).

Vi har fanga opp at det ligg føre nokre forslag til nye tiltak som ikkje låg i 2016-godkjenninga. Desse er kommentert i vårt vedlegg 1.

Dei innlagte tiltaka må sjåast på som ein mogleg tiltakstype som kan vere med å bidra til å nå miljømåla, men vi vil synleggjere at det er gjennom sektorhandsaming at det skal vurderast om tiltaka er realistiske og gjennomførbare, ut frå ei kost/nytte-vurdering.

Tiltaksprogrammet kap. 2.2. om vasskrafttiltak har fått inn informasjon om kunnskapsgrunnlaget og gjennomførte miljøtiltak i regulerte vatn og elver, og det er referert til m.a. «regulantprosjektet» og andre overvakingsprogram og tiltaksprogram som regulantane i regionen gjennomfører. Det er ei forbetring frå førre runde!

Generelt har vi som vassdragsregulant eit ansvar for å avbøte den negative påverknaden som energiproduksjon har i våre regulerte vassdrag, og då må tiltak stå i stil med påverknaden vår i ein vassførekomst. Ofte er det også andre påverknader i/nær elva eller vassdraget og i sjøen som bidreg til negativ effekt på for eksempel fiskeproduksjon.

Det er ein mangel at det ikkje kjem fram i tekstdokumenta kva vassførekomstar det er foreslått tiltak i. Det ville gjort det enklare for tiltakshavar å få adressert kva tiltak som potensielt vil hamne på den enkelte. Det er både rettsleg og reint praktisk nødvendig at tiltaka som vert fastsett i planane samsvarar med det som ligg inne i vann-nett. Det er ikkje alltid tilfelle.

Kost/nytte-vurderingar

Generelt er det eit for einsidig fokus på tiltak som kan redusere verdien av kraftproduksjon, når andre tiltak ofte kan vere meir aktuelle. Vi skulle gjerne sett at analyser på tvers av sektorar og påverknader i eit økosystemperspektiv hadde større fokus i planen og var det som låg til grunn for kost/nytte-analysane. Kost-nyttevurderingane må vere reelle.

Kostnader av tiltak innan vasskraftområdet er synt i tabell 3 i tiltaksprogrammet s. 19 og s. 49 i forvaltningsplanen. I høyringsmøtet vart det omtala som «sjablongberekningar». Det må understrekast kraftig i planen! Kostnader på tiltak innan vasskraftsektoren vil ha <u>stor</u> variasjon avhengig av type og omfang, og kostnadene som er synt i tabellen verkar heilt urealistiske. Det er eksempelvis <u>ikkje</u> mogleg å gjennomføre 25 tiltak knytt til minstevassføring for 3 mill. kr eller 40 fisketiltak til 240.000 kr. Her er det grove underestimeringer. Tabellen manglar i tillegg forklaring; er det kostnad pr. tiltak som er synt eller kostnadar totalt for alle tiltak?

I tillegg kjem det ikkje fram kva konsekvensar tiltak som vil gje redusert vasskraftproduksjon vil få for kommunane i form av tapt konsesjonskraft og konsesjonsavgift, skatteinntekter eller eigarskapsutbyte. «Berekraftig bruk» av vatnet femner breiare enn kunn lokale miljøverknader. Kunnskap om verdien og betydinga av vasskrafta for system- og balanseteneste, og konsekvensar ulike restriksjonar vil

medføre for systemet, meiner vi ikkje er tilstrekkeleg vurdert og vektlagt i planforslaget.

Prioriteringar

«Er du eller din organisasjon/ sektorstyresmakt einig i prioriteringane som er gjort? Er det andre tiltak, tema eller fokusområde som bør bli løfta fram?»

I kap. 2.1.2 vassforvaltningsplan og tiltaksprgoram s.18 står dette om Vetlefjordelvi som grunngjeving for omprioritering: *«I Vetlefjordelvi er det også gjennomført undersøkingar i mange år, og dei siste årene er det også gjennomført fleire habitattiltak. Det ser derimot ikkje ut til at det er mogleg å oppnå eit haustbart overskot utan slepp av minstevassføring på fråført strekning ovanfor utløpet av kraftstasjonen.»*

I løpet av planprosessen har det vorte opna for å endre prioritering av vassdrag som kan takast opp til vilkårsrevisjon i komande planperiode 2022-2027. Vassregionmyndigheita (VRM) har foreslege å heve Vetlefjordvassdraget frå pri. 1.2 til 1.1 og seier at dette vassdraget kan prioriterast framfor eksempelvis Stongselva.

Argumentasjonen for å setje pri 1.2 på Vetlefjordselvi i rapport 49/2013 var stort vasstap mot liten miljøgevinst. Etter 5 år med ei rekkje miljøtiltak etter miljødesignmetoden og omfattande kartlegging av flaskehalsane i vassdraget står denne vurderinga seg. Dei samfunnsmessige kostnadane ved slepp av minstevassføring i Vetlefjordselvi er store og miljøgevinsten i form av betre rekruttering av sjøaure er små.

Nasjonale føringar frå OED (2014) er framleis gjeldande for perioden 2022-27 (jfr. KLD og OED sitt brev 18.06.2020). Det opnast for omprioritering, men endringar <u>må grunngjevast særskilt, jfr.</u> sak 2019/8996 hos Miljødirektoratet, i e-post til vassregionsmyndigheitene 24. juni 2020.

Vi tolkar det dit at det for Vetlefjordelvi må ligge føre slik <u>særskilt grunngjeving</u> i framlegget til vassforvaltningsplan. Grunngjevinga på side 39 i planen legg vekt på at vassdraget ikkje fekk 1.1-prioriteirng i NVE-rapport 49/2013 fordi det ikkje var oppført som eit laksevassdrag i lakseregisteret då rapporten vart laga. I brev til NVE i desember 2020 («kravbrev om vilkårsrevisjon») skriv Vetlefjorden grunneigarlag at vassdraget hadde ein laksebestand før regulering og av den grunn burde vassdraget vore prioritert til 1.1 i førre planperiode.

Vi forheld oss til eksisterande kunnskap om elva og m.a. Rådgivende Biologer sin rapport 705/2003 som refererer til at «Ved fleire ungfiskundersøkingar før regulering vart det berre påvist svært låg tettleik av lakseungar (Nilsen 1982; Bjerknes 1987;Hessen mfl. 1989), og det er lite truleg at Vetlefjordelva i nyare tid har hatt ein stabil og sjølvrekrutterande laksestamme.» Vi meiner difor at grunngjevinga i planen er tynn og ikkje samsvarer med det faktiske kunnskapsgrunnlaget.

Vi har i eige brev til Sogndal kommune, kommentert punkta i kravbrevet frå grunneigarlaget i samband med at plan- og forvaltningsutvalet skulle ta stilling til dette våren 2021.

Vi vil framheve at vi med grunnlag i flaskehalsanalyse og tiltaksplan har gjennomført alle realistiske og anbefalte tiltak i vassdraget etter miljødesignmetoden og at alle interessentar i vassdraget har vore involvert i arbeidet dei siste åra. Dei fleste punkta i kravbrevet er tiltak som allereie er gjennomført, og ein ser positiv utvikling for ungfisksituasjonen etter at habitattiltaka er utført.

Det er no ønskjeleg at å få vurdert effekten av desse tiltaka *over nokre år* og jobbe vidare med omforeinte løysingar innanfor gjeldande konsesjon, før ein eventuelt set i gang ein omfattande vilkårsrevisjonsprosess. Med det ønskjer vi at vassdraget framleis vert eit 1.2-vassdrag.

Mel Kraftverk representerer den store samfunnsmessige verdien som fleksibel vasskraft har. Denne verdien vil auke i framtida, der meir og meir uregulerbar kraft vil kome inn i kraftflyten. Mel kraftverk har god magasinkapasitet, fleirårsmagasin, god tappekapasitet og stor effekt til å kunne levere balansetenester i eit pressa kraftnett. Kraftverket ligg på grensa mellom NO3 og NO5 og kan være ein sentral del av kraftbalanseringa mellom prisområda. Pris-volatiliteten har vore relativt låg i Norden, men forventast å bli større framover. Mel kraftverk bidreg med på dempe denne utviklinga.

Vi minner elles om at dei vassdraga som vart teke ut av vedlegg 2 i 2016-godkjenninga som følgje av høg verdivurdering av omsyn til landskap/friluftsliv ikkje er gjenstand for endringar.

Behov for verkemiddel

«Er din organisasjon einig i korleis manglande verkemiddel er omtalt? Er det nødvendig med nye eller betre verkemiddel innan fleire område?»

Vedlegg 2, kap. 2.6 i planen: Vi meiner at dei naudsynte verkemidla for å gjennomføre tiltak er tilstades i eksisterande lovverk som er relevant for vasskraftsektoren.

Konsekvensutgreiing

Er det manglar i konsekvensutgreiinga? Er du eller din organisasjon/ sektorstyresmakt inkludert i vurderinga? Har vassforvaltningsplanen andre konsekvensar som ikkje er vurdert?

Vedlegg 3 i planen: Når det gjeld sumverknader av føreslegne tiltak på nasjonale, regionale og lokale samfunnsinteresser av foreslegne tiltak som påverkar kraftproduksjonen, så meiner vi at dei ikkje er tilstrekkeleg vurdert eller teke omsyn til.

Avslutningsvis er vi positive til arbeidet med ein balansert og berekraftig bruk av vassdragsressursane våre og ser fram til vidare samarbeid for å oppnå realistiske miljømål.

Venleg helsing
SFE Produksjon AS



……

Ragna Flatla Haugland

Fagleiar miljø

Vedlegg:

Vedlegg 1. Kommentarar til vassførekomstar som SFE påverkar.

Vedlegg 2. Vassførekomstar der det kunn er namn på regulant som må endrast i vann-nett (gjeld Svelgen Kraft).

(SFE-ref.: PDF-utskrifter av excel-fil # 1565661, fane SFE SAMLA 7.6.21)